



FLORA KOMMUNE



Handlingplan for kulturminne 2017-2021

Etter vedtak i Bystyret 21.03.17

Innhald

1.0 Innleiing.....	2
2.0 Definisjonar	2
3.0 Nasjonale miljømål for kulturminner og kulturmiljø.	2
3.0 Kommunale føringar	3
4.0 Handlingsplan.....	3
5.0 Revidering	5

1.0 Innleiing

I Flora kommune har arbeidet med å ta vare på, forvalte og prioritere kulturminne pågått i mange år. Det har kontinuerleg blitt jobba godt både av kommune, frivillige lag og organisasjonar og andre. Bystyret har og prioritert kulturminne i den ferske kommuneplanens samfunnsdel. Vi har difor valt å ikkje lage ein sjølvstendig kommunedelplan for kulturminne. Vi har valt ein handlingsplan for kulturminne der vi konkretiserer tiltak. Mange av tiltaka blir/har blitt gjort juridisk bindande gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar.

2.0 Definisjonar

- Automatisk freda kulturminne: Kulturminne eldre enn 1657. Automatisk freda etter Kulturminnelova. Oversikt i Askeladden.
- Nyare tids kulturminne: Alt menneskeskapt nyare enn 1657. Det må vurderast kva ein skal registrere og velge ut.
- Immaterielle kulturminne: Lydopptak, skrivne historier, stadnamnregistrering, osv

3.0 Nasjonale miljømål for kulturminner og kulturmiljø

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.
- Eit prioritert utval av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

3.0 Kommunale føringar

Utsnitt henta frå Kommuneplanens samfunnsdel (vedtatt 21.06.16. Sjå Acos 15/2575, jp 49):

«Framtidsbilde og vegval: *Kystkulturen skal framhevast som viktig for kommunen sin identitet og styrke vårt omdømme.*

- Delar av bymiljøet i Florø sentrum er av nasjonal interesse og ein del av riksantikvaren sitt NB!Register, desse miljøa skal ha eit særleg vern gjennom omsynssone H570.
- Kinn kyrkje, helleristningsfeltet i Ausevik, Stakaldeneset, Svanøy hovedgård og steinkrossen , fornminna i Brandsøy, gravrøysene i Årebrot, krigsminna på Florelandet, galeasen Svanhild, båten Atløy og dei tre fyra Stabben, Kvannahovden og Ytterøyane er særleg viktige kulturminne.
- Sjøhusmiljøa i øyane er ein viktig del av Flora sin identitet som kystkommune. Forvaltning og utvikling av desse følgjer retningslinjer i kommunens arealplan. Gjennom arealplanen blir minimum eit sjøhusmiljø gitt ekstra vern gjennom omsynssone H570.
- Krigsminna blir gitt særleg vern gjennom omsynssone H570 ved revidering av Sentrumsplanen og KDP Florelandet Brandsøy.
- Det blir utvikla eit handlingprogram for formidling og forvaltning av dei særleg viktige kulturminna, samt formidling av immaterielle kulturminne knytt til desse. Sjøhusmiljø med ekstra vern tas inn i planen.
- Det blir etablert eit fond for utvikling og rehabilitering av kulturminne.

4.0 Handlingsplan

1. Bymiljøet i Florø sentrum skal fortsatt vere ein del av riksantikvaren sitt NB! Register.
Tiltak: Gamle bygningar i Florø sentrum er sikra gjennom Kommunedelplan for Florø Sentrum (Sentrumsplanen). Kulturhistoriske bygningar er vurdert og kategorisert.
Oppfølging: Revidering av Sentrumsplanen i 2017
2. Kinn kyrkje: Steinkyrkja bygd i perioden 1150-1200 er eit prioritert kulturminne i kommunen.
Tiltak: Arealet rundt kyrkja blir lagt inn som ei omsynssone bevaring H730_15 med tilhøyrande føresegner i kommuneplanens arealdel.
Ansvar for vedlikehald og oppølgning av kyrkjebygget: Kinn kyrkjekontor
3. Helleristningsfeltet i Ausevik: Dette feltet er eit av dei største og viktigaste helleristningsfeltene i vår region. Området er regulert, der er bygd parkeringsplass og gode toalettfasilitetar.
Ansvar for vedlikehald og oppfølging: Flora kommune og Bergen Museum.
4. Steinkrossen på Svanøy: Denne vart oppført i forbindelse med kristninga av Norge i perioden 900-1100. Den står like ved Svanøy Hovedgård, eit freda bygg der dei eldste delane er frå 1600-talet. Der ligg og ein steinsetting like ved, som er eit synleg automatisk freda kulturminne.
Tiltak: Her blir lagt inn omsynssone bevaring H730_13 med tilhøyrande føresegner i kommuneplanens arealdel.
Ansvar for vedlikehald og oppfølging:
-Svanøy Hovedgård: Stiftelsen Svanøy Hus

-Steinkrossen: Den står på gravplassen, som blir klipt og stelt av kyrkja. Skilt: S&F Fylkeskommune

-Steinsettinga: Her er det behov for skilt, ein enkel sti og jevnleg vedlikehald. Forslag til samarbeid: Flora kommune, S&F Fylkeskommune og Svanøy grendautval. Oppstart 2017.

5. Samlinga av fornminner i Brandsøy: I Brandsøy ligg ei stor samling av ikkje-synlege automatisk freda kulturminne, som viser at dette området ein gong var eit viktig sentrum og møteplass. Kulturminna er sikra gjennom at dei er automatisk freda. Vi ønsker å formidle denne historia. BARK er eit bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø, og skal vere ei tiårig satsing på skjøtsel og tilgjengeliggjering (2010-2020). Fylkeskommunen har vedtatt å støtte Brandsøy-prosjektet gjennom BARK. Tanken er å lage turløyper/skilting, og samarbeide med Brandsøy skule og Brandsøy Velforening. Ansvar gjennomføring: Fylkeskommunen/kommunen. Framdriftplan: Oppstart 2017, ferdigstilling 2018. Ansvar oppfølging: Fylkeskommunen og kommunen.
6. Synlege gravrøyser: Kommunen har ei relativt stor samling av synlege gravrøyser (automatisk freda). Desse synlege gravrøysene er ikkje tilstrekkeleg sikra, pga av inngrep i nærleiken vil kunne ødelegge miljøet dei ligg i. Tiltak: Det er lagt inn omsynssoner bevaring H730_1-10 med tilhøyrande føresegner i kommuneplanens arealdel.
7. Galeasen Svanhild: Dette er ein seglbåt, opprinneleg bygd som jekt (1 mast) i 1889, seinare ombygd til galeas (2 master). Frå 80-talet og utover har den gjennomgått omfattande restaurering. I dag er det etablert ei stifting og ei venneforening som driftar båten. Riksantikvaren er fagleg ansvarleg. Tiltak: Støtte opp under arbeidet til Foreninga Svanhilds Venner.
8. Båten Atløy: Dette er ein tidlegare laste- og passasjerbåt bygd i 1931. Den blir drifta og vedlikeheldt av Atløys Venner og eigd av Andelslaget Atløy. Riksantikvaren er fagleg ansvarleg. Tiltak: Støtte opp under arbeidet til Atløys Venner.
9. Sjøhusmiljøa: Sjøhusa og nausta er ein viktig del av historia og identiteten til folk i Flora. Pga mindre og endra bruk, er det eit kontinuerleg forfall som pregar store delar av desse husa. Gjennom RAs sine SEFRAK-registreringar er alle bygningar i kommunen eldre enn 1900, registrert i 3 runder (2003,2008,2013). Tiltak: Kommunen har med hjelp av Nordplan gjort ei generell vurdering av alle sjøbuer og naust, også dei som er nyare enn 1900, som har resultert i rapporten: Sjøhus i Flora-bruk og vedlikehald. Denne er brukt til å konkretisere føresegner og retningslinjer for bevaring og bruksendring i kommuneplanens arealdel. Det blir gjennom kommuneplanens arealdel opna for bruksendring på ca 27 av dei mot ei relativt streng styring gjennom føresegnene. Sjøhusmiljøa blir gitt ekstra vern gjennom omsynssoner H570.
10. Krigsminner: På Florelandet er det eit stort antall krigsminner frå 2.verdskrigen. Flora Krigshistorielag jobbar kontinuerleg med å restaurere, gjere tilgjengeleg, sette opp informasjonsskilt, arrangere temakvelder osv. Dei har via kommunen, ved hjelp av tilskot frå RA, registrert alle objekt i Kulturminnesøk. Tiltak: Prioritere og vurdere omsynssoner rundt krigsminner ifb med revidering av kommunedelplan Florø Sentrum (2017) og kommunedelplan Florelandet Brandsøy (2017). Oppfølging: Støtte opp om arbeidet og fortsette det gode samarbeidet med Flora Krigshistorielag.

11. Fond: Det skal etablerast eit fond for utvikling og rehabilitering av kulturminne.
Tiltak: Idemyldring/korleis komme i gang? Invitere bedrifter og privatpersonar til å bidra?
12. Immaterielle kulturminne: På dette feltet er det mange gode krefter som jobbar. Det historiske verket Soga om Flora er under utarbeiding (del 1 og del 2 ferdig, del 3 under arbeid). Flora Historielag jobbar med mange prosjekt blant anna Livsminne, stadnamnregistering osv. Kystmuseet og Fylkesarkivet har kontinuerleg gåande prosjekt for å ta vare på og utvikle ulike immaterielle kulturminne.
13. Forslag til vidare arbeid med registrering:
 - Stølshus
 - Låver
 - Gruveanlegg/gruvegangar Svanøy

5.0 Revidering

Flora kommune er godt på veg til å realisere dei nasjonale miljømåla for kulturminner og kulturmiljø. Det vil vere naturleg å revidere denne planen i samband med rullering av kommuneplanens samfunnsdel som følger valperiodane. Neste gang blir 2020.